

UU 35/18 Møtebok frå utdanningsutvalet 19. september 2018

Saksnr: 15/01302-66 **Saksansvarleg:** Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*
Møtedag: 17.10.2018 **Informasjonsansvarleg:** Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*

Dokument i sak:

Møtebok frå utdanningsutvalet 19. september 2018.

Forslag til vedtak:

Møteboka er godkjent.

Stavanger, 08.10.2018

Veslemøy Hagen
utdanningsdirektør

Sakshandsamar: Eilef Johan Gard
seniorrådgjevar

Saka er godkjent i P360

Møtebok
frå
Utdanningsutvalet

Møtestad: AR T-401
Tid: 19.09.2018 kl. 9:00

Fylgjande faste medlemmer møtte:

Magne Bartlett
Turid Borgen
Lene Katrine Hoff
Dag Husebø
Ketil Knutsen
Bjørge Frøysland Oftedal
André Pedersen
Brita Strand Rangnes
Jon Tømmerås Selvik
Magne Olav Sydnes
Cathrine Johanne Sønvinen
Leslie Leith Symington
Julie Wangen

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Marit Aamodt Nielsen
Lars Atle Kjøde

Fylgjande varamedlemer møtte:

Bjarte Ravndal

Frå administrasjonen møtte:

Veslemøy Hagen, Kristofer Henrichsen, Eilef J. Gard

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 23/18	Godkjenning av innkalling		
UU 24/18	Møtebok frå utdanningsutvalet 23. mai 2018		15/01302-65
UU 25/18	Strategisk tema: Bakgrunnen for gjennomgang av studia 2018		18/01055-2
UU 26/18	Akkrediteringer og nedlegginger		18/03817-1
UU 27/18	Søknader om navneendring på studier		18/03817-2
UU 28/18	Gjennomgang av studiene 2018 - første rapportering fra fakultetene		17/03038-7
UU 29/18	Revidering av studiene - plan for 2019		18/02604-9
UU 30/18	Forskrift om opptak til studier og emner ved Universitetet i Stavanger		17/06509-8
UU 31/18	Fastsetjing av undervisingsterminar 2019 - 2020		15/05234-5
UU 32/18	Andre orienteringssaker		15/02099-15
UU 33/18	Eventuelt		

Stavanger, 19.09.2018

UU 23/18 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkallinga er godkjent.

UU 24/18 Møtebok frå utdanningsutvalet 23. mai 2018

Vedtak:

Møteboka er godkjent.

UU 25/18 Strategisk tema: Bakgrunnen for gjennomgang av studia 2018

Kristofer Henrichsen innleia og orienterte om saka. Institusjonane har fått pålegg om å gjennomgå og sikra kvaliteten i studia i samsvar med nye krav. Ved UiS er det sett i gong ein gjennomgang av alle studia innan utgangen av inneverande år (UU 13/17).

Det blei stilt spørsmål om erfaringar frå gjennomgangen og om når erfaringane frå tilsynspilotane kjem. Svara på det var at når det gjeld tilsynspilotane, reknar ein med at dei skal vera klar i løpet av året.

Nokre funn frå gjennomgangen av alle studia: Hovuderfaringa er at alle har utfordringar med utdanningsfagleg kompetanse i fagmiljøa. Kapasiteten i det universitetspedagogfaglege miljøet må aukast. Ei anna erfaring er at dei som har rapportert har mange refleksjonar. Det blei også peika på at sjøvevalueringane er dei mest problematiske sidene ved rapporteringa. Det er veldig vanskeleg å vera sjølvkritiske og eventuelt leggja ned studier.

Betydningen av å innhenta eksternt blikk i tilsyna blei påpeika.

Utdanningsdirektøren presiserte at den gjennomgangen som vert gjort av alle studia i år, ikkje er ei reakkreditering. Det er ein gjennomgang for å finna ut om innhaldet i studieprogramma er i samsvar med krava i studietilsynsforskrifta.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 26/18 Akkrediteringer og nedlegginger

Utvalsleiar innleia og minna om at utvalet fyrst og framst skal ha eit overordna fokus på om prosedyrane og retningslinjene for akkreditering er fylgde. Utvalet skal ha tiltru til dei som har skrive søknadene og dei vurderingane som er gjorde.

Utdanningsdirektøren orienterte kort om saka. Ho ga skryt til fakulteta for eit godt arbeid. Fagfellevurdering manglar i master i byplanlegging. Dette er eit allereide akkreditert studium, og det kan diskuteras om det er ei akkrediteringssak eller ikkje, men utdanningsdirektøren vel likevel å leggja det fram for utvalet. Gjennom prosessane med utvikling av studia og søknadene, har det kome mange innspel til utbetringar og forenklingar av prosessane. Mellom anna må det spesifiserast tydelegare kva som er kravet til fagfellevurderingar. Desse vurderingane er viktige.

Saka om nedleggjing av det femårige siviløkonomløpet var oppe i fjor også, men når gjennomstrøyminga er så svak som den er (27 %) går utdanningsdirektøren inn for nedleggjing.

Utvalsleiar inviterte prodekanane til å seia noko om dei nye masterstudia.

Prodekan for utdanning ved Det helsevitenskaplege fakultetet orienterte om at dei er veldig glade for at dei nå får jordmorfaget opp til akkreditering. Fakultetet har fått god hjelp frå utdanningsavdelinga. Dei hadde også ei god og konstruktiv ekstern vurdering som medverka til å utbetra studiet. Det blei orientert kort om utfordringane med praksisplasser ved SUS og HVL. Det er generelt ei utfordring med praksisplasser i helsestudia.

Prodekan for utdanning ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora orienterte om at dei hadde hatt ein fin samarbeidsprosess. Fakultetet har ynskt dette studiet lenge og er glade for samarbeidet med VID. Dei er nøgde med at det er eit engelskspråkleg studium. Dei meiner det skal verta eit godt studium som møter samfunnsutfordringar. Studiet kan inngå i lektorutdanninga og i grunnskuleutdanningane.

Dekan for Handelshøgskolen ved UiS orienterte om at nedleggjing av den femårige masteren i økonomi og administrasjon har vore ei vanskeleg sak. Dette er eit siviløkonomprogram. Dei har mange søkjarar pr studieplass. Men der er andre utfordringar, m.a. med låg gjennomføringsgrad. Det er viktigare kor mange som gjennomfører enn kor mange som søker. Ein grunn til fråfallet kan vera at det er ei lang utdanning.

Utdanningsdirektøren repliserte at det har vore ei utfordring at mange studentar søker på femårig utdanning med bachelorgrad frå før og får innpass for denne og berre tek masterdelen eller at dei avslutter etter bachelorordelen.

Prodekan for utdanning ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet orienterte om at alle studia som fakultetet søker akkreditering for, dekkjer nye samfunnsbehov. Store datasett blir meir og meir viktig. Der er mindre bruk av menneskestyrte og meir bruk av datastyrte prosessar. Samfunnssikkerhetsmiljøet er nå samla på TN, det er bakgrunnen for søknaden om Master in Risk Analysis and Governance. Byplanleggjing har nå eit breiare opptaksgrunnlag. Dei ville takka utdanningsdirektøren og hennar team for å ha vore med og skrive gode læringsutbyte og å få på plass utvekslingsavtalar.

Frå samtalen:

I spørsmål frå utvalet kom det frem at ein saknar eit betre grunnlag for saka om nedleggjing av det femårige løpet i økonomi og administrasjon. Kva er gjort undervegs for å betra gjennomstrøyminga? Er der praksismuligheter?

Svaret på dette er at Handelshøgskolen har ein av pilotane i reakkreditering dette året. Dei ynskjer å gjera store utbetringar i studia. Dei vil konsentrera seg om å gjera bachelorstudiet så godt som dei kan. Dei er ikkje sikre på årsakene til at studentar sluttar. Dei vil heller ha studentar på bachelorstudiet i staden for at studieplasser vert ståande tome. Dei har fagfeller frå Ålborg i reakkrediteringsarbeidet for å få eit kritisk eksternt blick på det dei gjer. Dei vil ikkje akseptera 40 % fråfall.

Handelshøgskolen legg ikkje ned eit program, men det vil vera ein måte å ta siviløkonomstudiet på. 3+2 er heilt spesielt for Norge. I Sverige gjer dei det på ein annan måte. Handelshøgskolen vil konsentrera seg om å verta betre.

Utdanningsdirektøren la til at femårige løp ikkje er i samsvar med Bologna-prosessen.

Bibliotekaren nemde at det burde vore laga konsekvensanalysar når nye studier vert utvikla. Biblioteket har ikkje høyrte at nokon har kontakta dei for å spørja om dei har ressursar for å starta nye studier.

Utdanningsdirektøren repliserte at det er styret som har ansvar for det økonomiske. Når det gjeld undervisningsressurser er det mangel på rom.

Det kom vidare ein kommentar til master i religion, culture and society: Fakultetet har valt å samarbeida med VID. To ting: Det er klart der er behov for kompetansen. Men ein veit at humanistane har utfordringar på arbeidsmarknaden. Innstillinga seier at det er godt å ha folk med denne kompetansen i miljøet på ein vidaregåande skule, men det er ikkje eit godt nok tilsetjingsgrunnlag. Det andre er at samarbeid med ein institusjon med så sterkt grunnlag i kristne verdiar er problematisk. Studentane vil kunna vera uførebuende på dette. Fagmiljøet burde hatt ei breiare samansetjing. Fagfellevurderinga kommenterar også dette. Desse innvendingane betyr ikkje at akkrediteringssøknaden ikkje vert støtta, men UiS burde ha oppretta studiet åleine.

Prodekanen ved UH svarta på kommentaren med at dei ikke er samd i ein påstand om at religionsvitarar er mellom dei mest mistilpassa på arbeidsmarknaden. Historie og dei andre muntlege faga er rett nok vanskeleare å få arbeid med enn dei skriftlege. Difor vil ikke kandidatar gå ut med berre muntlege skulefag. Fakultetet prøver ikkje å unngå diskusjonen om at muntlege skulefag er vanskelegare å få arbeid med, men meiner at ein møter eit reelt behov for denne kompetansen i skulen. VID er ein akkreditert høgare utdanningsinstitusjon, med sterkt internasjonalt og interkulturelt fagmiljø. At det er eit teologistudium er ikkje det same som at det er eit forkynnande studium. Fakultetet har nå eit fagmiljø som har religion i faget, ikkje berre teologi. Det ligg også i føresetnadene at fagmiljøet vert styrkt med ein stilling. Dette er eit samarbeid med ein annan institusjon, men UiS opprettar eigen grad.

Prorektor nemnde at me må vera merksame på at me opprettar stadig nye masterstudier og få bachelorstudier. Samtidig er det positivt at det føregår ei tilpassing til samfunnet sine behov.

Prodekan ved Det samfunnsvitskapelege fakultetet meinte at der er gode grunngevingar for samfunnsrelevans i dei førelagde masterstudia, det gjeld også religion, men jordmorfaget spesielt. Fagfellevurderingane er veldig gode.

Prodekan ved TN viste til at Master in Computational Engineering har eit breidt grunnlag i næringslivet og er ikkje låst til berre Equinor.

Dekan ved Handelshøgskolen viste til at det vert laga for mange nye masterstudier, men med for få studentar. Han stilte spørsmål om kvifor det vert laga så mange studier med så få studentar. Det burde vore meir tverrfagleg samarbeid.

Utdanningsdirektøren repliserte at dette handlar om opptak og profil og er ein diskusjon som det er viktig å ta grundig framover.

Vedtak:

Utdanningsutvalget akkrediterer *masterstudiet i jordmorfag*. Utvalget anbefalar styret å etablere studiet fra studieåret 2019/20. Studiet fører fram til graden og tittelen *Master i jordmorfag*. Engelsk navn på studiet er *Master's Degree Programme in Midwifery*.

Utdanningsutvalget akkrediterer *Master's Degree Programme in Religion, Culture and Society*. Utvalget anbefalar styret å etablere studiet fra studieåret 2019/20. Studiet fører fram til graden og tittelen *Master in Religion, Culture and Society*. Norsk navn på studiet er *masterstudium i religion, kultur og samfunn*.

Utdanningsutvalget akkrediterer *Master's Degree Programmme in Applied Data Science*. Utvalget anbefalar styret å etablere studiet fra studieåret 2019/20. Studiet fører fram til graden og tittelen *Master of Science in Applied Data Science*. Norsk navn på studiet er *Masterstudium i anvendt Data Science*.

Utdanningsutvalget akkrediterer *Master's Degree Programme in Computational Engineering*. Utvalget anbefalar styret å etablere studiet fra studieåret 2019/20. Studiet fører fram til graden og tittelen *Master of Science in Computational Engineering*. Norsk navn på studiet er *Masterstudium i Computational Engineering*.

Utdanningsutvalget akkrediterer *Master's Degree Programme in Risk Analysis and Governance*. Utvalget anbefalar styret å etablere studiet fra studieåret 2019/20. Studiet fører fram til graden og tittelen *Master of Science in Risk Analysis and Governance*. Norsk navn på studiet er *Masterstudium i risikostyring og samfunnssikkerhet*.

Utdanningsutvalget akkrediterer *Master's Degree Programme in City and Regional Planning*. Utvalget anbefalar styret å etablere studiet fra studieåret 2019/20. Studiet fører fram til graden og tittelen *Master of Science in City and Regional Planning*. Norsk navn på studiet er *Masterstudium i byplanlegging*.

Utdanningsutvalget anbefalar at det femårige siviløkonomløpet legges ned fra 2019.

UU 27/18 Søknader om navneendring på studier

Utdanningsdirektøren innleia. Ho støttar dei omsøkte endringane, som tek omsyn til endringar i samfunnet. Namneendringane står etter utdanningsdirektøren si vurdering i høve til innhaldet.

Prodekan ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet la til at Data Science er det namnet som blir brukt internasjonalt.

Vedtak:

Utdanningsutvalget anbefaler styret å gjøre følgende navneendringer på studier:

- Masterstudiet i historiedidaktikk endrer navn til *Masterstudium i historie og historiedidaktikk*, engelsk navn: *Master's Degree Programme in History and History Didactics*
Grad og tittel: *Master i historie og historiedidaktikk*
- Masterstudiet i sosialt arbeid og sosialpedagogikk endrer navn til *Masterstudium i sosialfag*, engelsk: *Master's Degree Programme in Social Studies*
Grad og tittel: *Master i sosialfag*
- Bachelorstudiet i petroleumsgnologi endrer navn til *Bachelorstudium i ingeniørfag, geovitenskap*, engelsk navn: *Bachelor's Degree Programme in Geosciences Engineering*
Grad og tittel: *Bachelor i ingeniørfag, studieprogram geovitenskap*
- Det femårige *masterstudiet i datavitenskap* endrer navn til *masterstudium i Data Science*, engelsk navn: *Master's Degree Program in Data Science*
Grad og tittel: *Master i teknologi, studieprogram Data Science*
- Spesialiseringen i *datavitenskap* i det toårige masterstudiet i *Computer Science* endrer navn til *Data Science*. Engelsk navn på spesialiseringen blir det samme som på norsk. Grad og tittel: Ingen endring.

UU 28/18 Gjennomgang av studia 2018 - første rapportering frå fakulteta

Utdanningsdirektøren innleia. Prosedyrane er fylgde. Men det manglar internasjonale utvekslingsavtalar på nokre studier. Dette er ikkje ei reakkreditering, men ein utsjekk i høve til krava.

Neste pulje med rapporteringar kjem i oktober.

Utvalsleiar la til at styret vedtok i fjor at det universitetspedagogiske miljøet skal styrkjast. Det er lyst ut to stillingar. Det er stor søknad til basiskurset i år.

Frå samtalen:

- Det var interessant å lesa saka, her er gode rapportar.
- Utdanningsdirektøren sa at nokre studier har løyst dette på ein svært god måte. Kva for studier gjeld dette?

Utdanningsdirektøren svarta at det gjeld serleg studia ved Det samfunnsvitenskaplege fakultetet. Der har fagmiljøet lagt inn gode refleksjonar.

Prodekan ved SV la til at dei tre institutta ved fakultetet har gjort det på ulik måte. Det har vore ein omfattande og krevjande prosess, for både administrasjon og fagmiljø.

Prorektor oppfordra andre fakultet til å vera i kontakt med SV-fakultetet om erfaringane deira.

Prodekan ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora fortalte at gjennomgangen har vore ei god øving for fakultetet.

Prorektor la til at det er kjekt at dei som har nytta seg av utdanningsavdelinga sin kompetanse har gitt uttrykk for nytta av dette.

Vedtak:

På grunnlag av behandlingen i fakultetene og tilråding fra dekanene, bekrefter utdanningsutvalget videre akkreditering for følgende studieprogrammer:

Det helsevitenskapelige fakultet

- Master i helsesøsterfag
- Master i helsevitenskap
- Master i rus og psykisk helse
- Master i Pre-Hospital Critical Care (PHCC) Emergency Medical Care
- Master i spesialsykepleie

Det samfunnsvitenskapelige fakultet

- Bachelor i barnevern (IS)
- Bachelor i sosialt arbeid (IS)
- Bachelor i journalistikk (IMS)
- Master i endringsledelse (IMS)
- Master in Energy, Environment and Society (IMS)

Handelshøgskolen ved UiS

- Bachelor i rettsvitenskap
- Master i økonomi og administrasjon

Utdanningsutvalget ber universitetet sørge for at kapasiteten i det universitetspedagogiske basiskurset er tilstrekkelig i forhold til behovet og at det er gode ordninger for å videreutvikle fagmiljøenes utdanningsfaglige kompetanse.

HH-UiS må sørge for å få på plass ordninger for internasjonal studentutveksling i bachelor i rettsvitenskap i løpet av seks måneder.

I de tilfellene det er rapportert om avvik, må fakultetene følge opp sine fastsatte tiltak slik at avvik bringes i orden innen rimelig tid.

UU 29/18 Revidering av studia - plan for 2019

Utdanningsdirektøren orienterte. Det tidlegare varsla tilsynet med GLU ved NOKUT er utsett på ubestemt tid. Difor må utdanningsdirektøren ha ein dialog med fakultetet og justera planen.

Utdanningsutvalet ga utdanningsdirektøren fullmakt til å endra planen i samsvar med informasjonen ovanfor.

Vedtak:

Det føres tilsyn med følgende programmer i 2019

Bachelor i sykepleie

Master i serviceledelse 90 sp, erfaringsbasert (Executive Master of Service Management)

Bachelor i ingeniørfag, automatisering og elektronikkdesign

Master i marin- og offshoreteknologi

Master i risikostyring

Master i risikostyring og sikkerhetsledelse 90 sp, erfaringsbasert

Bachelor i musikk, 240 sp

Executive MBA 90 sp, erfaringsbasert

UU 30/18 Forskrift om opptak til studier og emne ved Universitetet i Stavanger

Utdanningsdirektøren orienterte. Styret har vedteke å sentralisera studentopptaket ved UiS. Dette har vorte fasa inn stegvis i løpet av det siste året. Det har vore nødvendig å gå gjennom alle rutiner i prosessen. Dette er ei førebuing til at masterstudia truleg skal inn i Samordna opptak.

Utdanningsdirektøren ga honnør til Eining for studentservice for ein svært stor jobb. Der har vore nokre overgangsproblemer, men opptakskontoret skal ha møte med alle fakulteta for gjera opptaket betre.

Forslaget til ny forskrift har vore til høyring i institusjonen.

Opptakskravet til engelskspråklege studier har skapt ein del diskusjon. Dette er nå skilt mellom dei som treng visum og dei som ikkje gjer det.

Utdanningsdirektøren orienterte vidare om andre prosessar som fylgjer av endringane i opptaksordningane.

Frå samtalen:

Dekan for Handelshøgskolen meinte at me må evaluera effekten av sentraliseringa av opptaket. Han er ikkje ueinig i forskrifta, men fakultetet har innspel til prosessane rundt opptaket. Det er viktig at UiS ikkje taper i konkurransen med andre institusjonar.

Prorektor ventar at opptakskontoret skal utbetra oppstartsvanskar. Han føreslo å invitera opptakskontoret ved utdanningsdirektøren til ein strategisk diskusjon med utvalet. Utdanningsdirektøren sa seg einig med dekan for Handelshøgskolen i at det er for få studentar som har takka ja til plass ved UiS og fortalte at UA arbeider med dette.

Prodekan ved Det samfunnsvitskaplege fakultetet kom med innspel som ikkje kom med i fakultetet sitt høyringssvar. Der er kritiske merknader til nedbyggjing av dekan sitt mynde i pkt. 1.5. Til pkt 1.13, styret kan vedta å trekkja eit studium: Det står ikkje styret sjølv, kven kan gjera det. Gjeld det også emne? Utdanningsdirektøren svara at pkt 1.5 seier at utdanningsutvalet skal godkjenne dei utfyllande reglane.

Dekan for Handelshøgskolen nemnde at nå når opptakskontoret er samla, kan me gå bort frå kvoter for utanlandske og norske søkjarar. Alle skal kunna konkurrera i same gruppe, men pga sakshandsaming er der ulike fristar. Dette er berre ei praktisk tilrettelegging. Me må ha ein heimel for å ha ulike fristar.

Prodekan ved Det helsevitenskaplege fakultetet viste til pkt 1.13, 'nok kvalifiserte søkere', og spurde kva som er nok og kven som avgjer det. Utdanningsdirektøren svara at dette må skje i samarbeid mellom dekan og utdanningsdirektør. Det er avhengig av storleiken på studiet.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tilrår styret å vedta forslag til ny forskrift om opptak til studier og emner ved Universitetet i Stavanger.

Forskriften trer i kraft frå og med 1. desember 2018.

UU 31/18 Fastsetjing av undervisningsterminar 2019 - 2020

Det var spørsmål frå utvalet om bakgrunnen for saka.

Utdanningsdirektøren orienterte kort om ei høyring i 2014 og korleis saka har vore fylgt opp etter denne. Datoane som er sette er rammer. Det er opp til fakulteta å planleggja og gjennomføra undervisninga innføre desse rammene.

Leiar i StOr uttrykte ynskje om at veke 33 ikkje vert brukt til undervisning.

Utdanningsdirektøren opplyste om at ho er i ferd med å førebu ei sak om semesterstart og erfaring med felles oppstart for alle studentar til eit seinare møte i utvalet.

Det vart føreslege at SHOT-undersøkjinga gjerne kan knyttast til denne saka.

Vedtak:

Utdanningsutvalet fastset fylgjande undervisningsterminar for studieåret 2019 - 2020:

Møtebok: Utdanningsutvalget, 19.09.2018

2019 haustsemesteret: måndag 5. august - fredag 20. desember.

2020 vårsemesteret: torsdag 2. januar - fredag 19. juni.

All undervisning og eksamen/prøve (jf. eksamensforskrifta) skal haldast innføre dette tidsrommet. Ulike typar prøvar eller forkurs og liknande, som er naudsynte for å begynna på undervisinga, kan gjennomførast før semesterstart. Slike tiltak skal vera omtalte i fag- og studieplanar og dessutan vera tydeleg annonserte.

Heilagdagane som kan falla i perioden mars – juni inneber årlege justeringar av undervisningsopplegget. Eksamenar, prøvar, oppgåver med meir, som er avlagde eller innleverde i perioden mellom 1. august og 31. desember og mellom 1. januar og 31. juli kjem fram på karakterutskrift/vitnemål som avlagde eller innleverde høvesvis i haustterminen eller vårterminen.

UU 32/18 Andre orienteringssaker

Utdanningsdirektøren kommenterte kort sakene.

Når det gjeld klage på sensur er der nokre dilemma. Utdanningsdirektøren lagar nå detaljerte prosedyrar og legg desse fram for diskusjon med fakulteta. Det vil føra fram til ei formell fastsetjing.

Prorektor kommenterte at universitetet er pålagt å fanga opp karakteravvik på minst to karakterar før studenten får vita det. Det vil føra til ei utfordring når det gjeld å overhalda fristane.

Svaret på dette kan vera at det kan løysast ved eit midlertidig svar til studenten, utan grunngjeving.

Fellesseminaret er flytta til desember. Utdanningsdirektøren har hatt separat opplæring av nye medlemmer, separat for kvart utval. For at desse skal få høve til å verta betre kjende med utvalet sitt arbeid før seminaret, er dette utsett til desember. Utdanningsdirektøren vil koma tilbake med innkalling.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

UU 33/18 Eventuelt

Leiar i StOr hadde meldt inn sak om kollisjon av eksamenar mellom obligatoriske emne og andre emne som studentar vert oppfordra til å ta, eller som dei sjølv ynskjer å ta.

Utdanningsdirektøren takka for initiativet og sa at ho vil drøfta det med fakultet og leggja fram sak for utvalet.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til etterretting.